Sunnfjord kommune
Naustdal skule

Notat

Vår ref.:	**Dykkar ref.:**	**Saksbehandlar:**	**Dato:**
26/7597-3			16.10.2026

Konstituerande møte - FAU 13.10.2026

Stad: Naustdal skule, personalkantina
Tid: Tysdag 13.10.2026 kl. 17.30-19.00

Deltaking:

Klasse	Klassekontakt
1	Steinar Kleppe Andreas Høvik
2	Anett Horstad Iris Ylvisåker Reiakvam
3	Nina Iren Vonen Regine M. Gausemel – ikkje møtt
4	Hanna de Groot meldt forfall – vara Katrine R. Rysjedal møtte Kim Olset – ikkje møtt
5	Maiken Solaas Lena Rebecka W. Vefring
6	Marius Ramberg – ikkje møtt Kjersti Garfors
7	Randi Storehaug Elisiv Enersvold – ikkje møtt
8	Fredrik Sellevoll Katrine Stubhaug – ikkje møtt
9	Kristina Hovden Runde – ikkje møtt
10	Katrine Stubhaug – ikkje møtt Karen Marie Reiakvam

Sak 1: Presentasjonsrunde

FAU-leiar Kjersti Garfors ønskte velkommen og leia presentasjonsrunda. Alle klassar har gjennomført foreldremøte og under runda vart det nemnt saker frå nokre klassar:

- 1. trinn: Ynskje om fleire alternativ i skulemjølkeordninga. Det vart vist til andre skular i Sunnfjord. Det vart informert om at føresette ønskjer å arbeide vidare med dette. Det vart informert om at gjeldande tilbod er avklart med utgangspunkt i vedtak i tidlegare FAU.
- 5. trinn: Det vart teke opp at foreldre syns det er uheldig at det kostar pengar for barn å delta på leikar på 17. mai. Det vart avtalt at FAU vil drøfte denne saka på neste møte slik at ein kan gjere vurderingar i god til før 17. mai. Permen med oppgåver og ansvar ligg på biblioteket.
- 7. trinn: Leirskule – er det sett av budsjettmidlar til at elevane får delta på leirskule? Kort informasjon frå rektor om budsjettprosessen. Det er ikkje innarbeidd budsjett for leirskule i Sunnfjord kommune sin budsjettprosess; det er såleis opp til skulane å finne løysingar. Ressursane må takast frå timetalet til elevane.

- 8. trinn: Tematur i 10. klasse; informasjon om at ny klasse på ungdomsskulen var i gang med å arbeide med prosessen.

Sak 2: FAU-leiar informerer om status for saker skuleåret 2025-2026

FAU har arbeidd med mange saker det siste året og nokre av sakene har det vore mykje arbeid med. Referat frå møte i FAU og i SMU (skulemiljøutvalet) ligg tilgjengeleg på Sunnfjord kommune si heimeside under Naustdal skule. Følgjande saker vart skissert i møtet:

- Smarttelefonfri barndom. Mange skular, i tillegg til Naustdal skule, har hatt fokus på kva digitale einingar betyr i barn sin oppvekst. Ein oppmodar føresette til å bli med på ein frivillig avtale. Dette blir introdusert for foreldre på foreldremøte for nye førsteklasseforeldre på våren før seksåringane byrjar på skulen. Målsettinga er at ein over tid skal utsette aldersnivået for når barn får smarttelefon. Det er lettare å få dette til om alle, eller dei fleste, av foreldra deltek. FAU-leiar er oppteken av at det er viktig at foreldre får tilgang til kontrakta fleire gonger. Det vart avtalt at skulen legg kontrakta tilgjengeleg på heimesida.
  Nærare informasjon finn ein på heimesida: https://www.smarttelefonfribarndom.no/

- Skjermrettleiar for foreldre. Denne ligg tilgjengeleg på heimesida. Foreldrekontaktane vert oppmoda om å informere om rettleiaren på foreldremøte og i andre samanhengar. Det kan vere fornuftig å legge ein plan for revidering av rettleiaren, t.d. anna kvart år.

  Lenke til rettleiaren finn de her: https://www.sunnfjord.kommune.no/_f/p1/ic4486ca4-6157-460b-8907-9e55ada416db/rettleiar-for-ein-digital-kvardag-011125.pdf

- Kosthaldsrettleiar. Utgangspunktet var ønskje om sunn skulemat. FAU har arbeidd mykje med rettleiaren; den har vore drøfta i FAU-møta, i elevråda og i Skulemiljøutvalet (SMU). Den vart vedteken med justeringar i SMU-møtet i juni. Når layouten er ferdigstilt vert dokumentet lagt på heimesida. Det er ønskjeleg at klassekontaktane held temaet oppe i foreldremøte. Det er viktig å presisere at det er ein rettleiar og ikkje reglar.

- Oppgradering av skuleområdet med utgangspunkt i at trampolinene var utslitne.
  Det var sett ned ei arbeidsgruppe som såg på mogelegheita for å søke midlar. Utgangspunktet var å søke Sparebankstiftinga om midlar. Arbeidsgruppa undersøkte grunnlag for å søke spelemidlar, men vart då viste til at det er rektor som må søke spelemidlar. FAU vil arbeide vidare med å søke midlar frå Sparebankstiftinga, Naustdal Fram og Gjensidigestiftinga. Det er aktuelt å samarbeide med grendelaget i sentrum. Kostnad for to nye trampoliner er stipulert til 125.000,-

- Trafikksituasjonen kring skule.
  Dette er ei sak som har vore teken opp i mange år. Det har vist seg vanskeleg å få sett opp skilt og det har heller ikkje vore mogeleg å få gjennomslag for fartsdumpar. Det har også vore jobba med hjartesone og det har vore gjennomført gå-til-skulen-kampanje. Det har komme innspel om at det er behov for å sette fokus på trygg trafikk igjen denne hausten. Ein opplever at det er mykje trafikk opp til skulen kring skulestart og skuleslutt. FAU ønskjer at det vert sett fokus på dette igjen. Kan ein få foreldre til å sette av elevane i sentrum og at ein går opp til skulen?
  Ein opplever at mange foreldre køyrer heilt opp mot skulebygget, og nokre foreldre som leverer og hentar barn på SFO, parkerer også heilt opp mot bygget (handicap-parkeringsplassen). Rektor informerte om at tilsette parkerer frå bautasteinen slik at det skal vere ledige parkeringsplassar for foreldre som skal levere og hente barn på SFO.

  Det vart avtalt at rektor skal sende ut ei melding til foreldre i VFS og oppmode om å bidra til trygg skuleveg og til gode løysingar for å redusere trafikken kring skulestart og skuleslutt.

Det vart også avtalt at FAU organiserer ei kampanjeveke der foreldre bidreg som trafikkvakter med gule vestar på morgon og ettermiddag ei heil veke. FAU arbeider vidare med dette.

Sak 3: Informasjon frå rektor

Det er framleis sterkt fokus på budsjettsituasjonen i Sunnfjord kommune. Einingane har strenge restriksjonar og må ha godkjenning frå kommunalsjef på kostnader over 10.000,- og godkjenning av kommunedirektøren på kostnader over 25.000,- Desse tiltaka vil vare til februar 2027. Rektor utrykker at det er viktig å ha fokus på budsjettmidlane vi kan bruka og prøve å tenke positivt – kva kan vi få til med dei millionane vi har til disposisjon:)

I tråd med endringar i lovverket har elevar som har fylt 15 år rett til innsyn i alle dokument som gjeld dei sjølve. Det betyr at foreldre må ha samtykke frå elevar som er over 15 år i nokre samanhengar. Skulen vi informere om dette på foreldremøte.

Sunnfjord kommune er i gang med å revidere vedtekter for SFO. Det vil vere viktig at FAU deltek i høyringsprosessen. Rektor vil informere FAU når prosessen kjem på høyring.

Sak 4: Val av FAU-styre
Avtroppande FAU-leiar, Kjersti Garfors, informerte om styrearbeid. I møtet vart det valt personar til styret. Styret konstituerer leiar og nestleiar. Følgjande vart valde:

Styremedlemmer:
- Lena W. Vefring
- Maiken Solaas
- Anette Horstad
- Nina Iren Vonen
- Andreas Høyvik

Vara:
- Iris Y. Reiakvam

Det vart avtalt at Anette Horstad skulle informere rektor når styret har konstituert seg.

Referent

Gunn Marit Haugsbø
rektor

Avtale om smarttelefonfri barneskule